




# VINDAFJORDBRUKET



## MELDINGSBLAD FOR LANDBRUKSNÆRINGA I VINDAFJORD

Nr. 2

september

2022

### INVITASJON TIL NYE BØNDER I VINDAFJORD

Det er nå 3 år sidan sist me hadde ei møtesamling med nye bønder, og i løpet av 3 år er det kome mange nye til. Me på landbruk ønskjer å bli betre kjent med dykk, og samtidig informere om kva me på landbrukskontoret kan bidra med når det gjeld rådgjeving for ulike ordningar innan jord og skog. Invitasjon til møte er i desse dagar sendt på sms, og du kan svare via ein link i meldinga om du/de vil komme.

### INNSAMLING AV LANDBRUKSPLAST

Gangstø kjem og samlar inn plast i midten av november. Nærare dato blir annonser i Grannar. Levering må skje tett opp til annonsert dato, slik at ein unngår plast på avvegar. Det er viktig at plasten er rein for jord, streng, stein, netting og liknande.

### LANDBRUKSPLAST OG FORUREINING

Dette er eit tema vi kjem attende til med jamne mellomrom og som er kjelde til ein del frustrasjon og negative tilbakemeldingar til kommunen. Alle som handterer landbruksplast har eit ansvar for at denne blir handtert på ein måte som gjer at han ikkje havnar på stader der han ikkje hører heime.

### Føring med rundballar ute og kva skjer med plasten?

Vi ser ein del føring med rundballar ute, der ballen blir plassert på «føringsplassen» utan at all plast blir fjerna. Ved ei slik føring er det krevjande å unngå landbruksplast på avvegar og det er i alle fall behov for svært gode rutinar for oppsamling. Plast vil bli trakka ned i søla eller tatt av vinden. Vi oppmodar alle som førar med ein slik praksis å vera spesielt

merksame på handteringa av plasten. Det aller beste vil vera føringeskorg der ein får bort plasten før føring – dette som ei oppmoding.

Landbruksplast på avvegar er ei kjelde til negative reaksjonar mot landbruket og dette er næringa ikkje tent med.

### Lagring av rundballar

Generelt for lagring av rundballar gjeld forskrift om gjødselvare mv. av organisk opphav § 21: «Silopressaft skal samles opp og lagres slik at den ikke fører til forurensing eller fare for forurensing.» For å unngå forureining, er det viktig at rundballane ligg slik til at næringsstoff ikkje renn eller vaskast direkte ut i vatn og vassdrag. Terrenget ved lagringsplassen bør vere mest mogleg flatt og minimum 50 m frå vassdrag (bekk, elv og vatn). Brot på Gjødselvareforskrifta kan gi avkorting av produksjonstilskot.



Foto: Vindafjord kommune

## KANTVEGETASJON LANGS VASSDRAG OG PRODUKSJONS-TILSKOT

I Forkrift om Produksjonstilskot § 4 står det; «Tilskuddet avkortes dersom jordbruksarealet ikke har vegetasjonssone på minst to meter mot vassdrag med årssikker vannføring». Det er eit minstekrav til 2 meter brei kantvegetasjon mot vassdrag med årvisse vannføring for å motta produksjonstilskot. Kravet er ikkje til hinder for at vegetasjonsbelte kan haustast eller beitast, men sona skal ikkje jordarbeidast eller sprøyta.

## LANDØYDA – EI GIFTIG PLANTE

Planta spreier seg no i rekordfart, og spesielt denne sesongen har me sett meir til denne planta langs vegkantar i vårt distrikt. Dersom den spreier seg til beitemark, er den ein fare for beitande dyr, spesielt storfe og hest. Det er difor viktig å sikre at beiteområder er fri for denne planta. Skjold bondelag v/Norleif Fjeldheim i spissen, har dette året teke grep og samla til skikkelig bygdedugnad, og han seier til Grannar at dette blir eit skippertak, som stadig må følgjast opp.



Skjold bondelag har fått bygda med seg på eit skippertak for å fjerne den giftige planta.

Arkivfoto: Grannar

## TILSKOT TIL GRØFTING

Ordninga med grøftetilskot gjeld jordbruksareal som har vore grøfta tidlegare, men treng oppattgrøfting. For planerte areal er det ikkje krav om at arealet har vore grøfta tidlegare. Maks satsar: 2500 kroner pr. dekar eller 38 kroner pr. meter grøft.

Det må søkjast elektronisk på eige skjema. Skjema finn du ved å gå inn på altinn og rubrikken «nytt skjema», søk på «Drenering». Det er ingen fast søknadsfrist.

**Det er viktig at det blir søkt før grøftinga er sett i gong. Vi har ikkje høve til å gi tilskot om prosjektet/grøftinga er starta. Me får ein del spørsmål om tilskot når gravemaskinen står i tunet – dette er for seint! Planlegg aktuell grøfting for vinteren og neste år no og få sendt inn søknad så raskt som mogeleg.**

## LITT OM FØRSITUASJONEN

Indre strok, spesielt Haugalandet, har hatt meir nedbør enn kva som er normalt.

NLR Rogaland rapporterer om god avling. Kvaliteten vil vera varierande grunna værforhold og slåttetidspunkt. På Haugalandet har bonden hatt korte tidsvindauge til å slå graset på grunn av mykje regn.

NLR mistenker betydeleg utvasking av næringsstoff, noko som i kombinasjon med moderat gjødsling som følgje av høge gjødselprisar, kan ha påverka avlinga. Det er observert fleire enger i bygdene med gulskjær og redusert attvekst mot 2. slått.

Dei som tok 1. slåtten pinsehelga, har særstak god grovfôrkvalitet. Etterpå blei det verre, og nokon måtte justera seg inn frå 3. slåttsregime til 2. slåttregime når det blei for bløtt til å koma seg utpå.

Jamt over har forholda vore bra for god grasvekst og fortørk av slått, og gode innhaustingsforhold. Vi kan notere nok eit godt grasår for Rogaland.

Nokre bønder har streva med å få ut gjødsla i påvente av å hauste 2. slåtten, men få har hatt trøng for å söke om dispensasjon for utkjøring av husdyrgjødsel, utan nedmolding. Berre 4 stk. har søkt om dispensasjon, noko me tolkar som at majoriteten har greidd å planlegge utkjøring i tråd med regelverket og nytteeffekt for graset. Dette er «god musikk» for kommunen sine øyrer.

## TILSKOT GJENNOM ORDNINGA «SPESIELLE MILJØTILTAK I LANDBRUKET» - SMIL

Dette er ei ordning der det er mogeleg å söke om støtte til prosjekt knytta til kulturlandskap og forureining.

Det skal vera prosjekt som ikkje blir definert som «normal landbruksproduksjon». Det vil sei oppgåver som må gjennomførast uansett som ein del av drifta på eigedomen. Vindafjord har ein eigen strategi for ordninga og saman med overordna føringar kan prioriteringane endre seg litt frå år til år.

Forureiningstiltak som etablering av reinseparkar, erosjonssikring og reining av eksisterande reinseparkar er høgt prioritert. For reining av eksisterande reinseparkar kan ein få opp til kroner 20 000,- i støtte.

For tak på gjødsellager kan ein få støtte på opp til kroner 50 000,-.

Fjerning av gamal piggtråd er fortsatt prioritert for støtte.

Det må søkjast elektronisk på eige skjema. Skjema finn du ved å gå inn på altinn og rubrikken «nytt skjema». Søk på «Spesielle miljøtiltak i landbruket». Ingen fast søkerfrist.

## REGIONALT MILJØTILSKOT 2022 –

**Søknadsfrist 15. oktober**

**Søknad kan leverast frå 15. september**  
Sjå Statsforvaltaren si heimeside for oversikt over tilskotsordningar og rettleiing til søknad om regionalt miljøtilskot i Rogaland 2022.

<https://www.statsforvalteren.no/Rogaland/Landbruk-og-mat/Miljotiltak/Tilskot-til-miljotiltak/vilkar-for-a-fa-regionalt-miljotilskot/>

Ta kontakt med oss på landbruk dersom du er i tvil eller lurar på noko ved utfylling/innsending av søknad.



Foto: Vindafjord kommune




Foto: Vindafjord kommune

## PRODUKSJONSTILSKOT DEL 2

**- HUGS SØKNADSFRISTEN 15. OKTOBER**

Teljedatoen er 1. oktober, og frå den dagen er det mogleg å sende inn søknaden. Når søknaden er sendt, er **det viktig at du hugsar å sjekke kvitteringa di i Altinn**, ta alltid kontakt med kommunen dersom du er i tvil om noko.

## HUSDYRREGISTERET

For deg som søker tilskot til storfø, er det viktig at Husdyrregisteret er oppdatert. Me nyttar opplysningar frå Husdyrregisteret når me kontrollerer tal dyr i søknaden. Der får me også opplysningar om mjølkekyr / ammekyr har kalva dei siste 15 månader før teljedato.

## ÅRLEG GJØDSLINGSPLAN

Gjødslingsplanen skal oppdaterast kvart år, og avtalar om spreiling av husdyrgjødsel må vere skriftlege.

## INNOVASJON NORGE

I sluttprotokollen frå jordbruksforhandlingane går det frem at det er gjort nokre justeringar på tilskot til investering i 2023. Den maksimale prosentsatsen for tilskot er auka til 40 prosent av godkjende kostnadsoverslag for investeringa. Øvre grensa for tilskot er auka frå 2 millionar til 3,5 millionar per prosjekt.

Det står også at det kan gis tilskot i 2023 til bygging av gjødsellager med **fast toppdekke**, samt lager til biorest. Det kan også gis tilskot til anlegg med gjødselsseparatør. For tilskot til gjødsellager er det ikkje endring i tilskotssatsen. Tilskotet har

altså ein øvre grense på 25 prosent av godkjend kostnadsoverslag for tiltaket, og med ein øvre grense på 200 000 kroner per prosjekt.

Det er noko meir midlar til Rogaland i 2023 enn i 2022. Det blir eit nytt system for søknader frå i haust, **som opnar for å begynne å søkja om midlar frå 1. november i år**.

Det nye systemet skal legga opp til meir dialog mellom søker, kommunen og Innovasjon Norge, slik at ein lettare skal kunne få innspel medan ein arbeider med søknaden.

### AVLØYSARTILSKOT VED SJUKDOM – HUGS Å BE OM SJUKEMELDING PÅ PAPIR

Det viser seg å vere vanskelig å få dokumentert sjukemelding, dersom du kun har fått den elektronisk. Så dersom du blir sjukmeld og skal søkje om tilskot til avløysing ved sjukdom, må du hugse å be legen om ein papirversjon av sjukemeldinga.



Foto: Vindafjord kommune

### VILKÅR FOR BEITETILSKOT – INNMARK OG UTMARK

Vilkår for å få beitetilskot på innmarksbeite er at dyra beiter **minimum 12 veker**, der minimum halvparten av det daglige grovförinntaket skjer ved beiting. Med andre ord er det snakk om beiting og ikkje «lufting».

I tillegg kan du få tilskot til dyr som går på utmarksbeite, der det er tilfredsstillande beitemoglegheiter, dersom **hovuddelen av det daglege grovforinntaket til dyret** skjer ved beiting i utmark i minimum 5 veker. For å vera berettigd utmarksbeitetilskot, så skal tilgangen på utmarksbeite altså vera tilfredsstillande. Dette er eit svært vanskelig

spørsmål som mellom anna avhenger av beitekvaliteten på graset, og kor mykje nyttbart beite utmarka inneheld.

I Vindafjord varierer næringsinnhaldet på utmarka ein del. Me er svært opptatt av at dei viktige beiteressursane i utmarka vert utnytta, men beitinga må vera reell.

### UTFØRT SKOGKULTUR 2022

Det er aukande interesse for å utføre ungskogpleie i unge plantefelt av gran. Alt før sommaren var det utført ungskogpleie (lauvrydding, avstandsregulering) på 218 dekar. Til samanlikning vart det utført 124 daa ungskogpleie i kommunen i heile 2021 og 28 daa i 2020.

Ved utgangen av august har kommunen utbetalt tilskot til 197 dekar nyplanting og 113 dekar supplering, totalt 56400 planter. Ca. 6000 planter vart planta av skogeigarane sjølve. Til samanlikning vart det i heile 2021 planta gran på 297 dekar (77.300 planter) og supplert på 94 dekar (17.800 planter), totalt 95.100 planter. Av dette vart 20.150 planter sett av skogeigarane sjølve eller av arbeidskraft organisert av skogeigaren.

### TILSKOT TIL SKOGKULTUR – SØKNADSFRISTER

Staten sitt særskilte «klimatilskot» til skogplanting og supplering (Tettare skogplanting som klimatiltak) gjeld og for 2022. **Fristen for å levere søknad til kommunen etter haustplanting er 25. november.**

**november.** Send derfor søknaden om tilskot til skogkultur så snart du har mottatt fakturaen, ev. etterspør fakturaen om tida begynner å bli knapp. Meir om tilskotet finn du her:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/skogbruk/tilskotsordningar/skogkultur/>. Du kan også kontakte kommunen. Faktura og kart skal følgje søknaden.

Søknad om tilskot til andre skogkulturtiltak, som t.d. ungskogpleie, bør ikkje leverast kommunen seinare enn 25.11., om vi skal klare å registrere/handsame søknadane før fristen 30.11.22.

### PLANTING 2023

Dersom du planlegg planting i 2023, kan det vere lurt å tenke på plantebestilling alt nå – viss ikkje du alt har gjort avtale. Her i området er proveniensar frå Hartz mykje brukt.

Om du ønskjer å plante framande treslag, må du sende søknad til Statsforvaltaren. Dette gjeld og for juletre.

Sakshandsamingstida har vore fleire månadar, så det er lurt å sende søknaden i god til før plantesesongen startar.

## **SKOGPÅDRIVAR FOR PLANTING OG UNGSKOGPLEIE 2022-2025**

Vindafjord, Tysvær og Haugesund kommunar har fått tilskot til eit prosjekt for å auke innsatsen på planting og ungskogpleie. Målet er oppbygging av skogressursane for størst mogleg verdiskaping og klimanytte. Prosjektet skal gje skogeigar eit gratis tilbod om nøytral rettleiing innan skogkultur. Til å gjennomføre prosjektet har kommunane engasjert Kenneth Østebøvik, tlf. 90939870.

## **KVOTEFRI AVSKYTING AV HJORTEKALV**

Kommunen har tildelt løyve til kvotefri avskyting av hjortekalv under jakta hausten 2022 til alle hjorteaval i kommunen, unntatt vald 3 Valåsen hjorteviltlag, som innan fristen 29.08.2022 har meldt skriftleg at dei ikkje vil delta i forsøksordninga.

Meir informasjon finn de her:

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jakt-og-viltnivå/hjortevilt/kvotefri-avskyting-av-hjortekalv-hausten-2022/>



Foto: Vindafjord kommune

## **JAKT PÅ HJORT OG RÅDÝR**

Jakta på hjort og rådyr er i gong. Jakttida for hjort er fra 01.09. t.o.m. 23.12. For rådyr vart det opna for bukkejakt frå 10.08., mens den generelle jakttida for rådyr er 25.09.-23.12. Kommunen har i år tildelt 1200 løyve for hjort, av dette 735 med bestandsplan og 465 utan bestandsplan. Tildelinga av kvotefri avskyting av hjortekalvar kjem i tillegg til ordinær kvote.

Det er og tildelt 207 løyve på rådyr. I tillegg har 5 vald kvotefri jakt.

**Fristen for levering av fellingsrapportane er 02. januar 2023.**

**Rapporten må leverast kommunen sjølv om de har nytta Sett og skutt-appen.**

## **SETT HJORT OG SLAKTEVEKTER**

Resultata fra Sett Hjort- registreringane kan gi eit bilete på samansettinga av bestanden og trendar i utviklinga av stammen. Informasjonen som kan trekkast ut av Sett Hjort og vårteljinga er viktig som grunnlag for framtidige forvaltningsplanar. Stadig fleire registerer Sett hjort-data digitalt på appen Sett og skutt. Denne løysinga er tilpassa både pc, nettbrett og smarttelefon. Her kan også slaktevekter leggast inn. Dataa må godkjennast i hjorteviltregisteret før dei vert tilgjengelege i statistikken. Valdleiar og jaktfelteleiarar kan få tilgang for godkjenning av registrerte data i hjorteviltregisteret.

Det er framleis mogleg å nytte papirskjema. Slaktevektdata må då førast på tilleggsskjema.

Meir informasjon om ordninga finn de her: <https://www.hjortevilt.no/sett-elg-og-sett-hjort-2/>. Sett hjort- data og slaktevekter fra 2006-2021 er tilgjengelege i [www.hjorteviltregisteret.no](http://www.hjorteviltregisteret.no) under Statistikk. (For 2021 er papirskjemaa ikkje lagt inn ennå).

Slaktevektene gir informasjon om utviklinga av storleiken på dyra. Jo større del av dei felte dyra ein har data for, jo sikrare vert resultata.

Me oppmodar om å sende informasjon om slaktevektene for dei felte dyra i valdet, sjølv om de ikkje skulle ha fått registrert Sett hjort. Det er viktig at det vert nytta vekt, ikkje rusing.

Skjemaa sendast *Vindafjord kommune*, Østbøvegen 2, 5585 Sandeid, eller på e-post til: [gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no](mailto:gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no), så snart som råd etter jakta. Takk til alle som har levert inn Sett hjort-data til no!

## **SKRANTESJUKE (CWD) - 2022**

Sidan skrantesjuke (CWD) vart oppdaga i Noreg har det vore gjennomført ei omfattande testing av hjortevilt. Mellom anna har det vore tatt prøvar av fallvilt. Vindafjord kommune er ikke trekt ut til å ta CWD-prøvar på hjort under jakta 2022. Det skal likevel takast skrantesjukeprøver frå alt hjortevilt som er 2 år og eldre og som skal leverast til eit viltbehandlingsanlegg. Dette gjeld alle kommunar i Noreg. Hovudet på slaktet skal følge med inn til anlegget dersom ein kompetent jeger ikkje har undersøkt og tatt prøve av slaktet på førehand. Meir informasjon om skrantesjuke, prøvetaking og innssending: <https://www.hjortevilt.no/skrantesjuke/kartleggingsprogrammet-for-skrantesjuke/>




Foto: Vindafjord kommune

## **INNMARKSBEITE SOM SPREIEAREAL**

Det er i utgangspunktet ikkje høve til å gjødsle innmarksbeite med husdyrgjødsel eller annan organisk gjødsel. Kommunen vurderer behovet for gjødsling opp mot omsyn til biologisk mangfold, vassmiljø og samfunnssikkerheit. Føringane er at areal under kraftliner ikkje skal godkjennast.

Dersom du ynskjer å nytta husdyrgjødsla på innmarksbeite, må dette søkjast om til kommunen. Ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38 for å avtale

synfaring våren 2023 og send inn skjema som du finn på kommunen si heimeside: <https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/jordbruk-og-husdyr/husdyrgjødsel-og-spreieareal/>.

## **Nye kraftliner over innmarksbeite som allereie er godkjent som Spreieareal.**

Dersom det blir etablert kraftliner på innmarksbeite som allereie er godkjend som spreieareal får det konsekvens også for tidlegare godkjenningar. Vedtaket om godkjenning av spreieareal i innmarksbeite blir utdatert når dei faktiske tilhøva vedtaket er bygd på er vesentleg endra. Nye kraftliner er ei vesentleg endring. Det betyr at Tidlegare vedtak automatisk vert ugyldig og at beite ikkje kan nyttast som spreieareal for husdyrgjødsel før ny vurdering er gjort, og eventuelt ny godkjenning er gitt.

Ved behov for ny vurdering av spreieareal i innmarksbeite, ta kontakt med Anne Karin Langeland tlf: 53 65 61 38, for å avtale synfaring våren 2023.



Foto: Vindafjord kommune

## **AKTUELLE MØTER OG WEBINAR**

### **Rullering av Regionalt miljøprogram i Rogaland, temamøte om forureining fra jordbruket**

**Dato:** 30. september 2022, 09.30 - 11.30

**Sted:** Digitalt, på Teams

**Arrangør:** Statsforvaltaren i Rogaland, Rogaland fylkeskommune

#### **Kontaktpersoner:**

Monica Dahlmo Tlf: 51 56 89 66 og Margit Reiersen Tlf: 51 56 87 76

## **Målgruppe:**

Jordbruksnæringa og personar som er involvert eller interessert i vassdragsforvaltning.

## **Påmeldingsfrist:**

28. september 2022 00.00

Forureining frå jordbruk er ein viktig årsak til at mange vassdrag i Rogaland har dårlig vassmiljø. Bønder kan søke regionalt miljøtilskot for å gjere frivillige tiltak som minsker tap av næringsstoff frå jordbruket. På temamøte 30. september blir det faglege innlegg og tid til å gi innspel til nytt Regionalt miljøprogram for Rogaland 2023–2026.

Det er klare forventingar til at Rogaland prioriterer regionalt miljøtilskot til tiltak som kan minskje tap av næringsstoff til vassdrag. Det handlar mellom anna om god forvaltning av dei store mengdene med husdyrgjødsel i fylket, hindre erosjon på jordbruksareal og forvaltning av kantsonene langs vassdrag.

Møtet er gratis og opent for alle interesserte. Du finn meir informasjon om program og kan melde deg på ved å fylle ut skjemaet på statsforvaltaren i Rogaland si heimeside «kurs og konferansar»

<https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Kurs-og-konferanser/2022/09/rullering-av-regionalt-miljoprogram-i-rogaland-temamote-om-forureining-fra-jordbruket/>

Link til teamsmøtet blir sendt til alle påmeldte seinast onsdag 28. september.



Foto: Vindafjord kommune

## **Fagdag om regenerativt landbruk og bygging av fruktbar jord.**

**Dato:** 4. oktober 2022, 09.30 - 15.10

**Sted:** Sandeid Samfunnshus,  
Sandeidvegen 813, Sandeid

**Arrangør:** Statsforvalteren i Rogaland i samarbeid med fleire

## **Målgruppe:**

Bønder, landbruksforvaltning, rådgivarar

**Kontaktpersoner:** Annabell Pfluger  
Tlf: 51 56 89 71



*Målrettet beiting er eit viktig element i verktøykassen til regenerativt landbruk.*  
Foto: Arin Erga

**Lær om korleis en kan bygge opp  
mold i jorda og lar mikroorganismane  
jobbe for deg. Høyr om erfaringane  
frå bønder som har testa ut  
regenerative metodar.**

Velkomen til ein innhaldsrik dag om jord, oppbygging av humus, tolking av jordanalysar og beiting som eit av verktøya i regenerativt landbruk og karbonbinding. Kurshaldar er Vibhoda Holten i Sunn Jord, det vil bli innlegg frå lokale bønder, frå NLR om drenering og Statsforvalteren om tilskot gjennom Regionalt miljøprogram. Dagen passer best for deg med grovfôrbasert husdyrhald.

Fagdagen vil bli arrangert 4.oktober på Sandeid Samfunnshus i Vindafjord og 6.oktober på Øksnevad vgs i Klepp kommune.

**Påmelding: Innan 2.oktober**, du kan melde deg på ved å fylle ut skjemaet på statsforvaltaren i Rogaland si heimeside «kurs og konferansar»

<https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Kurs-og-konferanser/2022/10/fagdag-om-regenerativt-landbruk-og-bygging-av-fruktbar-jord2/>. Ver venleg og vipps kr 200 til #129852 som eit bidrag for møtematen når du melder deg på.

## Program

09.30–10.00 Kaffi og drøs

10.00–10.05 Velkommen ved Annabell Pfluger, Statsforvaltaren i Rogaland

10.05–11.30 Jordliv - fôrkvalitet - humusbygging. La jordlivet jobbe i staden for N-P-K. Tolking av jordanalysar. Grasmarkspleie ved Vibhoda Holten, Sunn Jord

11.30–12.00 Enkel lunsj

12.00–12.50 Behandling av gylle og talle - nøkkelen til vellykka drift av grasmark Vibhoda Holten

12.50–13.00 Beinstrekk

13.00–13.30 Målretta beiting i praksis ved Tor Sven Utvik, Uvik gard. Ammekyr, nyttar heilskapleg planleggingsverktøy for beitemønsteret som krevjar hyppig flytting av dyr.

13.30–14.00 Målretta beiting i praksis ved Martin Aeschliemann, Søre Skogen. Sau, hest og storfe. Kompostering av talle, uttesting av kompostte som jordforbetring.

14:00–14:10 Beinstrekk

14.10–14.40 Aktuelt tema ved NLR Rogaland

14.40–15.10 Regionalt miljøprogram - kva kan du få støtte til? Ved landbrukskontoret i Vindafjord kommune

Fagdagen er eit samarbeid mellom Statsforvaltaren i Rogaland, Økologisk Rogaland og NLR Rogaland, og har fått støtte frå Rogaland fylkeskommunen sine RK-midlar.



Foto: Vindafjord kommune

# Inn på tunet-uka i november



Sett av 8. til 11. november til å lære av erfaringene fra Inn på tunet-løftet og arbeidet i de utvalgte pilotfylkene.

Inn på tunet-uka blir en stafett bestående av daglige digitale sendinger klokken 9:00-11:00 fra hvert av de fire fylkene med nasjonale pilotprosjekter i Inn på tunet-løftet.

## Dato:

8. november 2022 - 11.  
november 2022

## Sted:

Webinar

## Arrangør:

Statsforvalterne i Nordland, Møre og Romsdal, Vestland og Oslo og Viken

## Målgruppe:

Kommuner, fylkeskommuner, NAV, videregående skoler, Inn på tunet-tilbydere og andre interesserte

Tirsdag 8. november kl. 9:00-11:00 - Inn på tunet i GRUNNSKOLEN

Onsdag 9. november kl. 9:00-11:00 - Inn på tunet i VIDEREGÅENDE SKOLE

Torsdag 10. november kl. 9:00-11:00 -  
Inn på tunet innen RUS, PSYKIATRI OG  
ARBEIDSTRENING

Fredag 11. november kl. 9:00-11:00 - Inn på tunet i DEMENSOMSORGEN

**Meir informasjon om webinara kjem, sjå statsforvaltaren i Rogaland si heimeside «kurs og konferansar».**

<https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Kurs-og-konferanser/2022/11/inn-pa-tunet-uka/>

Her kan du lese mer om [Inn på tunet løftet 2.](#)

<https://www.innpatuneloftet.no/nb/>

## Aktuelle facebook-sider:

**Vindafjord kommune** - Diverse informasjon frå Vindafjord kommune

**NIBIO Gårdskart og Kilden** - For dei som ynskjer tips om funksjonalitet og innhald, og ønsker å følge med på kva som er nytt i Gårdskart.

**Økologisk Rogaland** - Gode historier om dyktige økologiske matprodusentar og tips om kurs og konferansar. Sida blir oppdatert av Økologisk Rogaland, Økologisk Norge sitt fylkeslag i Rogaland.


**Statsforvaltaren og bonden i Rogaland** - Informasjon retta mot bøndene i Rogaland om tilskotsordningar, bruk av areal, næringsutvikling og anna nyttig informasjon.

## **Nyttig informasjon finn du også på heimesida til kommunen:**

<https://www.vindafjord.kommune.no/natur-og-landbruk/>

# Eining Areal- og forvaltning:

Namn	Hovedoppgåver
	<b>Thomas Vestbø</b> Tlf. 97 54 01 80 e-post: thomas.vestbo@vindafjord.kommune.no
	<b>Signe Theilmann Jensen</b> e-post: 90 88 42 57 signe.theilmann.jensen@vindafjord.kommune.no
	<b>Harald Olav Stuhaug</b> Tlf. 53 65 61 37 / 99 23 61 14 e-post: harald.olav.stuhaug@vindafjord.kommune.no
	<b>Sissel Lilleland</b> Tlf. 53 65 61 30 e-post: sissel.lilleland@vindafjord.kommune.no
	<b>Alf Ole Bull-Tornøe</b> Tlf. 53 65 61 22 / 41 61 56 09 e-post: alf.bull@vindafjord.kommune.no
	<b>Anne Karin Langeland</b> Tlf. 53 65 61 38 e-post: anne.karin.langeland@vindafjord.kommune.no
	<b>Gitte P. Halvorsen</b> Tlf. 53 65 61 29 e-post: gitte.halvorsen@vindafjord.kommune.no

<b>Utgjevar: Landbrukskontoret</b> <b>Redaktør: Sissel Lilleland</b> <b>Kommunen si heimeside:</b> <u><a href="http://www.vindafjord.kommune.no">www.vindafjord.kommune.no</a></u> <b>Tlf. 53 65 65 65</b>		<b>VINDAFJORD KOMMUNE</b> <b>Eining Areal- og forvaltning</b> <b>Østbøvegen 2</b> <b>5585 SANDEID</b>
--	---	--